

VEDTEKTER FOR SOLVANG BARNEHAGE FØRDE AS

Vedteke ved stiftinga 21.11.2022

Solvang barnehage er underlagt lov 17.juni 2005 nr. 64: Lov om barnehagar, og til ei kvar tid gjeldande forskrifter og rammeplan for barnehage.

§ 1. SELSKAPET SITT NAMN

Selskapet sitt namn er Solvang Barnehage Førde AS.

§ 2. FØREMÅL

Selskapet sitt føremål er å drive barnehageverksemd.

Barnehagen skal drivast i samsvar med gjeldande Lov om barnehagar, forskrifter, retningslinjer og Den norske Kyrkja si vedkjenning.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, samt fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barnehagen skal gje barn høve til leik, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar. Barnehagen skal ta omsyn til barnet sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, her også samiske barn sin kultur og språk. Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gje rom for barn si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen skal støtte barn si nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter. Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosial ulikskap.

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Rammeplanen for barnehagen gjev retningsliner for innhald og oppgåver i barnehagen. Med utgangspunkt i denne skal samarbeidsutvalet i den enkelte barnehagen fastsette ein årsplan for det pedagogiske arbeidet.

Barnehagen vert driven med eit ideelt, ikkje økonomisk formål. Eventuelt årsoverskot skal godskrivast eigenkapitalen i selskapet.

§ 3. AKSJEKAPITAL

Selskapet sin aksjekapital er NOK 30 000, fordelt på 3 000 aksjar kvar pålydande NOK 10.

§ 4. EIGARTILHØVE MV.

Stiftinga Sunnfjord Folkehøgskule eig alle aksjane i Solvang Barnehage AS. Solvang Barnehage AS er eit eige rettssubjekt med eige organisasjonsnummer, har eige budsjett og rekneskap. Styret for stiftinga Sunnfjord folkehøgskule er generalforsamling for Solvang barnehage AS.

Sunnfjord Folkehøgskule er organisert som eiga stifting der Normisjon region Sogn og Fjordane oppnemner stiftingsstyret (representantskapet). Dagleg leiar i Solvang Barnehage AS har tale- og møterett i styret i stiftinga Sunnfjord Folkehøgskule.

§ 5. STYRE OG SIGNATUR

Selskapet sitt styre skal bestå av 3-6 styremedlemmer etter generalforsamlinga si avgjerd, likevel slik at dei styremedlemmene i stiftinga Sunnfjord Folkehøgskule som til ei kvar tid er valde av Normisjon også skal vere styremedlemmer i Solvang Barnehage AS. I tillegg skal det til ei kvar tid vere ein foreldrerepresentant og ein tilsettrepresentant frå Solvang barnehage AS i styret. Rektor ved Sunnfjord folkehøgskule kan vere medlem av styret.

Styret i stiftinga Sunnfjord folkehøgskule vel styret til Solvang barnehage AS, inkludert styreleiar og nestleiar.

Styret sine medlemmer veljast for fire år av gangen, korresponderande med tenestetida til styret i Sunnfjord Folkehøgskule.

Selskapet sin signatur teiknast av dagleg leiar i Solvang barnehage AS og styreleiar i fellesskap.

§ 6. BRUKARMEDVERKNAD

For å sikre samarbeidet med heimen skal barnehagen ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Barna har rett til medverknad ut frå alder og føresetnader og barna sitt syn skal leggast vekt på i barnehagen si daglige verksemd.

6.1. Foreldreråd. Alle foreldre/føresette i barnehagen utgjer foreldrerådet. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og gjere til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldra skal få kjennskap til og uttale seg i saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen. Ved avstemming tel ei stemme for kvart barn og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

6.2. Samarbeidsutval. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal ha ein representant for foreldrerådet frå kvar avdeling, to representantar for dei tilsette og eit medlem oppnemnt av eigar. Styrar er sekretær for samarbeidsutvalet med møte-, tale- og framleggsrett. Styrar har ansvar for at samarbeidsutvalet konstituerer seg.

§ 7. OPPTAK

7.1 I Sunnfjord kommune er det samordna opptak som omfattar både kommunale og private barnehagar i kommunen. Dei private barnehagane har eigne opptakskriterium som regulerer opptak, desse står i barnehagen sine vedtekter 7.4

7.2. Opptaksmynde

Det er kommunedirektøren som tildeler kommunale plassar og plassane kommunen disponerer i private barnehagar. Tildeling av barnehageplass er eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova og kan klagast på.

7.3. Opptakskrets

Kommunen er opptakskrets, men barnet vil i utgangspunktet verte teke opp i ein barnehage i den skulekretsen barnet høyrer til.

7.4. Opptakskriterier

Barnehageplass i Sunnfjord kommune føreset at barnet er busett i kommunen. Søkjarar frå andre kommunar kan få tildelt plass dersom det er ledige plassar.

Rett til barnehageplass følgjer til ei kvar tid lov om barnehage med foreskrifter.

Følgjande grupper er prioritert ved opptak:

1. Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal gjerast ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.

2. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Ved søknad om opptak etter prioritert kriterium skal det leggst ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig instans som barnevern, helsestasjon, lege, PPT. I dokumentasjonen skal det klårt gå fram kvifor barnet har særleg trong for barnehageplass.

3. Søsken av barn som alt har plass i barnehagen.

4. Barn av tilsette og barn av elevar ved Sunnfjord folkehøgskule.

5. Søkjarar som ikkje kjem inn under kriteria over, vert prioritert etter alder.

7.5. Opptaksperiode

Eit barnehageår reknast frå skulestart i august til skulestart året etter. Tildelt barnehageplass gjeld frå det tidspunkt som står på tildelingsbrevet. Plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller til barnet byrjar på skulen.

7.6. Klage på opptak

Klageutvalet i Sunnfjord kommune er klageorgan ved klage på tildeling av barnehageplass. Klage skal sendast til kommunedirektøren. Sakshandsaminga skal følgje rutineane for forskrift om sakshandsaming av opptak til barnehage.

§ 8. ENDRING AV BARNEHAGEPLASS

Barn som er tildelt barnehageplass har førerrett til auke av opphaldstid når dei har teke til i barnehagen, dersom det etter dagleg leiar si vurdering er praktisk og pedagogisk mogleg. Søknad skal sendast elektronisk og tildeling av ny opphaldstid vert gjort av styrar.

Dersom det er fleire søkjarar til ledig plass vert søkjarane prioritert etter gjeldande opptakskriterium.

Søkjarar som har barnehageplass og som ynskjer å byte til annan barnehage, må søkje på nytt ved hovudopptak og vert vurdert som ny søkjar

§ 9. OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS

Plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller når barnet byrjar på skulen. Ved flytting frå kommunen kan tildelt barnehageplass brukast ut barnehageåret. Oppseiingstid for tildelt plass/reduksjon av opphaldstid er 3 månader (oppseiingsmånad samt 2 påfølgjande heile månader). Dersom ein vel å seie opp etter 30. april, må ein betale barnehageplass for resten av barnehageåret

§ 10. FORELDREBETALING

Foreldrebetaling og søskenmoderasjon vert regulert gjennom lov om barnehagar og til ei kvar tid gjeldande forskrift. Kommunedirektøren fastsett foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

Foreldrebetalinga er månadleg i 11 månader pr. år, der august er betalingsfri. Når barnet skal slutte i barnehagen, gjeld betaling for oppseiingsmånad samt 2 påfølgjande månader. Same reglar gjeld ved reduksjon i plass.

Dersom barnet/barna vert henta etter ordinær stengt tid, må foreldra betale eit gebyr for kvar påbyrja halvtime. Gebyret vert fastsett av kommunestyret. Reduksjon eller fritak frå foreldrebetaling kan gjevast etter Forskrift om foreldrebetaling. Søknad skal rettast til Sunnfjord kommune. Dokumentasjon for familien si samla inntekt må leggjast ved søknaden. Vedtaket gjeld for månaden etter at søknad er motteken. Urette opplysningar i søknad kan medføre at ein må betale ordinær barnehagesats.

Betaling av eventuelle mat- og mjølkepengar vert fastsett av samarbeidsutvalet i den einskilde barnehage der ein tek omsyn til lokale tilhøve. Desse skal dekke kostpris.

§ 11. OPNINGSTIDER OG FERIE

Solvang Barnehage har ope frå måndag til fredag i tida 7.00 - 16.30. Barnehagen har stengt på offentlege helge- og høgtidsdagar, julaftan og nyttårsaftan samt 5 dagar pr. år i samband med planleggingsarbeid.

I tillegg skal barna skal ha ferie frå barnehagen i minst 3 samanhengande veker i same periode som skuleferien.

Barna sin ferie skal meldast barnehagen seinast 1. mai i ferieåret.

§ 12. AREALNORMER

Solvang barnehage AS følgjer til ei kvar tid nasjonal Veiledende norm for barn sitt lekeareal.

§ 13. TILSETJING

13.1. Tilsetjing

Styret tilset dagleg leiar. Dagleg leiar tilset personalet. Tillitsvalte har høve til å uttale seg ved tilsetjing. Dagleg leiar fastset instruks for personalet. Dei tilsette ved barnehagen må forplikte seg til å arbeide i samsvar med barnehagen si målsetjing. Personalet vert tilsett på 6 månadars prøvetid. Bemanninga i barnehagen skal vere i tråd med Lov om barnehagar.

13.2. Alle som arbeider og oppheld seg regelmessig i barnehage skal legge fram tilfredsstillande politiattest, jf. lov om barnehagar.

13.3. Alle tilsette i barnehagen har teieplikt etter Forvaltningslova.

13.4. Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande reglar i barnehagelova.

§ 14. FORSIKRING

Barn som har plass i Solvang Barnehage AS er forsikra i opphaldstida og på veg til og frå barnehage/heim.

§ 15. INTERNKONTROLL

Solvang barnehage har utarbeidd plan for internkontroll for helse, miljø og tryggleik.

§ 16. ENDRING AV VEDTEKTENE

Desse vedtektene er vedtekne i samband med stiftinga av Solvang Barnehage AS den 21.11.2022. Vedtektene kan endrast i samsvar med reglane i aksjelova. Endringane skal sendast Sunnfjord kommune til orientering.

§ 17. OPPLØYSING

Ved oppløysing av Solvang Barnehage AS skal gjenverande midlar gå tilbake til stiftinga Sunnfjord Folkehøgskule og nyttast til ideelle føremål i tråd med stiftinga Sunnfjord Folkehøgskule sitt føremål og vedtekter.

§ 18. FORHOLDET TIL AKSJELOVA OG BARNEHAGELOVA

For øvrig visast det til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgjeving og den til ei kvar tid gjeldande lov om barnehagar.

[Vedtakter for Solvang barnehage AS vedtatt 21.11.2022](#)